

Til deg utan kraftleverandør
- Viktig informasjon frå Noregs vassdrags- og energidirektorat

Vel kraftleverandør snarast

Du er registrert som straumbrukar utan kraftleverandør. Ditt lokale nettselskap plikter å levere straum inntil du får valt kraftleverandør og inngått ordinær kraftleveringsavtale. Dei fyrste seks vekene kan nettselskapet maksimalt setje kraftprisen lik spotprisen på den nordiske kraftbørsen med 5 øre/kWh i ekstra tillegg, eksklusive avgifter. Men du bør snarast velje kraftleverandør og inngå kraftleveringsavtale, sidan nettselskapet kan auke prisen etter desse seks vekene.

Vedlagt er ei liste over alle kraftleverandørar i ditt nettområde. Konkurransetilsynet har og ei prisoversikt på www.kt.no som viser kva for nokre kraftleverandørar som tilbyr kraft i kvar einskild kommune. Her kan du og samanlikne ein del prisar og produkt. Hugs at du kan velje mellom spotpris med påslag, standard variabel kraftpris, fastpris og eventuelt andre produkt.

Fram til du har inngått ordinær kraftleveringsavtale vil du kvar tredje månad få ei påminning frå nettselskapet om at du snarast må velje kraftleverandør.

Meir informasjon om kraftmarknaden finn du på www.nve.no. Her finn du og informasjon om korleis du kan inngå ordinær kraftleveringsavtale med ein av kraftleverandørane i ditt nettområde. Du kan og kontakte ditt lokale nettselskap.

Helsing

Norges vassdrags- og energidirektorat